



# **Draumkvedet**

– Et liturgisk oratorium  
ved Ludvig Nielsen

*Grorud kirkes kammerkor*

*Solist: Nils Arne Helgerød*

*Dirigent: Terje Winge*

*Grorud kirke*

*Søndag 18. oktober 2015*

*kl. 18.00*

*Billetter: 150,- Barn under 16 gratis*

## ***Grorud kirkes kammerkor***

Grorud kirkes kammerkor ble stiftet høsten 2004 på initiativ av Terje Winge. Koret har rukket å fremføre mange av de større, sentrale verkene i vår kirkemusikalske arv som Bachs Juleoratorium, Johannespasjon og h-mollmesse, flere av Mozarts store messer, og verker av Fauré, Duruflé og Rutter. I tillegg til sine konserter synger koret på mange av gudstjenestene i Grorud kirke.

## ***Dirigent***

Terje Winge er professor i orgel ved Norges musikkhøgskole og kantor i Grorud kirke. Han har siden debuten i 1970 vært aktiv med blant annet orgelkonserter i både inn- og utland, innspillinger for NRK, samt for de tyske radiostasjonene RIAS og MDR, og innspilling av serien "Organum norvegica" på merket Simax classic. I 2008 kom også en CD med norsk originalmusikk for trompet og orgel, hvor Terje Winge spiller sammen med trompetisten Jan Fredrik Christiansen. Vinteren 2011 avsluttet han konsertprosjektet "Bach i Groruddalen" som omfatter fremføring av alle Bachs orgelverker, fløytesonatene, fiolinsonatene samt en rekke av Bachs største korverker. Høsten 2014 fikk han tildelt Grorud bydels kulturpris for sitt langvarige arbeid for å utvikle kulturlivet i bydelen.

## ***Kammerkoret***

**Sopran:** Ingunn Brandt, Magny Solhjell Frøystein, Mette Hassel, Reidun A. Johannessen, Reidun Kvidal, Ingrid-Johanne Nettum, Ellen Rugtvedt, Inger Marie Schjønberg, Désirée Treichler, Ingeborg Watne, Jorunn Toft Winge

**Alt:** Signe Flydal Blichfeldt, Mari Braanaas, Signild Fjeld, Marianne Gihle, Liv Birgit Hovden, Astrid Ihle, Marianne Bakke Johnsen, Martha Joy Storeide Kjelsvik, Gudrun Nassvik, Anne Mari Nyhuus, Ingvild Røste, Merete Aanes

**Tenor:** Gunnar Arisholm, Olav Fredsvik, Jonathan Rizzi

**Bass:** Ulf Benterud, Jon Frode Blichfeldt, Magne Bruteig, Robert Nagy

## *Musikere*

**Fløyte:** Andrew Cunningham

**Obo:** Kjersti Strøm

**Trompet:** Siv Øverli

**Horn:** Kjell Adel Lundstrøm

**Orgel:** Anders Eidsten Dahl og Terje Winge



## **PRELUDIUM**

Triptychon – tre ikoner fra Draumkvedet

av Trond Kverno (1989)

**Orgel:** Terje Winge

1. Olav Asteson - Rex perpetuus Norvegiae
2. Sæle gullmor mi - Sancta Dei Genitrix
3. Sankte Sále Mikkjel - Signifer sanctus Michaël



## KOMMENTARER TIL DRAUMKVEDET ved Jon Gunnar Jørgensen

**Ballader.** De nordiske balladene er en type folkeviser som forteller en historie. De har en nokså fast form med to- eller firelinjers strofer og omkved. De er overlevert i muntlig tradisjon, og det meste av det norske materialet er først samlet og nedskrevet på 1800-tallet. Likevel er det grunn til å tro at tradisjonen har røtter tilbake til middelalderen, og at den oppsto rundt år 1300. Balladene kan deles inn etter tema i bl.a. kjempeviser (om store helter), ridderviser, trollviser, legendeviser.

**Visjonsdiktning** er en annen litterær sjanger som var utbredt i middelalderen. Visjonsdiktning er kjent fra hele Europa, også Norden. Tema er at en person besøker eller får innsyn i det hinsidige og vender tilbake til verden og forteller om sin opplevelse. Slike fortellinger kjenner vi fra langt tilbake, f.eks Bibelen (*Johannes' åpenbaring*). Fra 1300-tallet er Dantes *Divina comedia* velkjent. Fra norrønt kjenner vi bl.a. sagaen om Eirik den vidfarne, en kongssønn fra Trøndelag som oppsøker Paradis og vender tilbake med rapport derfra.

**Draumkvedet** er en ballade med en visjon som tema, altså et visjonsdikt med balladeform. Det er helt spesielt. Noe annet som er spesielt med Draumkvedet, er at det bare er registrert i Norge, ikke ellers i Norden.

**Alderen** til Draumkvedet har vært omdiskutert. Noen mener det har røtter i middelalderen, andre har hevdet det har blitt til etter reformasjonen. Det er i alle fall ingen tvil om at materialet har klare katolske trekk og at det knytter an til middelalderens visjonsdiktning.

**Muntlig tradisjon** innebærer at overleveringen av stoffet er flyktig. Ulike fremføringer vil variere, og visa vil endre seg over tid. Ikke en gang samme kveder fremfører ei vise av en viss lengde likt to ganger. Dersom Draumkvedet er tradert gjennom flere århundrer, er det nødvendigvis store forskjeller mellom det opprinnelige diktet og det som er nedtegnet. Det er også store innbyrdes forskjeller mellom de nedtegnede variantene. Vi har over 100 opptegetninger (varianter) av

Draumkvedet. De fleste er bare korte fragmenter på en eller noen få strofer. 11 varianter inneholder mer enn 14 strofer, de to lengste over 60. Nesten alle opptegnelsene kommer fra Telemark. Det er trolig riktigere å snakke om en Draumkvede-tradisjon enn varianter av et enhetlig verk. Vi har ikke noe klart bilde av hvordan et opprinnelig Draumkvedet har vært bygd opp.

**Tema.** Visa forteller om Olav Åkneson (eller Åsteson) som rir til kirken siste dag i jula og forteller om drømmen sin. Han har sovnet julekvelden og ikke våknet før trettendedagen, den siste juledagen. Mens presten leser teksten fra alteret, står Olav i kirkedøra (noen få varianter har kirkesvalen eller kirkemuren), på grensen mellom det sakrale og det verdslige, og forteller om sin drømmereise til det hinsidige. Han har gått den pinefulle veien, trosset tornekratt, is, ville dyr, han har sett hvordan synderne plages for sine misgjerninger på jorden, og hvordan de gode gjerninger blir lønnet. Særlig interessant er et motiv vi finner i noen få av variantene: Han ser djevelen komme fra nord og Kristus komme ridende fra sør, tett fulgt av St. Mikael. Mikael er kjent fra legendariske fremstillinger som den som måler menneskenes synder mot de gode gjerningene, og blir avbildet med en skålvekt i hånda. Dommen skal stå, og sjelene skjelver av frykt. Noen få av variantene avsluttes med dommen, og den er alltid den samme. Nåden avgjør:

Og det var St. saale Mikkjel  
han vog med Skaalevigt  
saa vog han alle Syndesjælene  
hen til Jesum Krist.

(Oppskrift 1840-t. av M.B.Landstad etter Maren Ramskeid, Kviteseid,  
Telemark)

**Restitusjon.** Variantene av Draumkvedet er nedskrevet etter muntlig tradisjon med alle feil, forglemmelser, forvanskninger og misforståelser, mangler og tillegg. Flere har forsøkt å rekonstruere en sammenhengende, meningsfull og helhetlig

tekst på grunnlag av det store materialet. Slike restitusjoner vil alltid være syntetiske og preget av redaktørens skjønn og fortolkning. Den mest kjente restitusjonen ble gjort av Moltke Moe på 1890-tallet.

Det er en velstrukturert og skarpsindig redaksjon, men den er også kritisert. Etter mønster fra annen visjonsdiktning plasserte Moe dommen midt i visa, før bl.a. strofene om synd og gode gjerninger, som en midlertidig dom. Men i alle variantene som har med dommen, står den til slutt.

**Teksten til Ludvig Nielsens korverk** (1974) er tilrettelagt av Carl Fredrik Engelstad. Han har i begynnelsen lagt seg nær opp til Moltke Moes restitusjon, men i samsvar med tradisjonen er dommen plassert til slutt. I den 4. bolken har han gjort et grep som skaper spenning ved å sette Olav inn i en dialog med koret („stemmer“), der Olav sier hva han så, og stemmene forklarer synet.

## Forklaringer

nytan	kjekk, dyktig
trettandagen	trettende dag jul, den siste dagen i jula.
lestine lange	lange tekster
gjeve gaume	vise oppmerksomhet, følge godt med
lær 'kje av bliom hjarte/munne	ler ikke med blidt hjerte/ blid munn
and-heimen	den andre verden, det hinsidige
trå	pinefull
ut-ekste	utreise, norrønt <i>akstr</i> av <i>aka</i> (kjøre)
kyrkje-svali	svalgangen rundt (stav-)kirken. De fleste variantene har „kyrkjedynni“ (kirkedøra)
tynner-	torne-
sund'e	i stykker
skarlakskåpe	skarlagenskappe (dyrt og fint stoff)
klaka, tela	fryse til is
vette-stig	vinterveien = Melkeveien
lykel	nøkkel
løva	viser trolig til paradisk-beskrivelse, der „løven skal ete halm som oxen“ (Jesaja 65); „love“ kan også være en del av lås

Guds-mor	Jomfru Maria
Skomegygri	Svart trollkjerring
skoro	kjepp med forgrening
kogabån	snørrunge (en kveder har forklart det: „en, som er ute og kåger, snylter om kvelden“)
byrge svein	kjekke gutt
oskurei	åsgårdsreien, følge av trollpakk
Gjallarbru	brua mellom verden og dødsriket, kjent fra norrøn
mytologi	
telja heidnelov	fremme hedensk skikk
i kaupe	i tillegg („på kjøpet“)
Gagle-myrrann	synkemyrer på veien til dødsriket
Grimar-åsen, Skåle-strand	lokalteter kjent fra visjoner
Gjallar-hylen	høl (bakevje) i elva Gjoll som Gjallarbrua går over
gram	sint
gnyren	larm, trengsel
ræddast	bli redd
heklemo	tørnefull mo
håge kjellar-bre'e	høye isbreer
horske hundegau	sint hundegjøing
sumlug	svimmel
rapa mold	grav-mold
såline	sjelene
kunne for runine rå	kunne riste runer (forbundet med trolldom)
var trong	var gjerrig
flutte deilder	flytte grensemerker
systkjeni – banna	søsken som har forbannet hverandre
systkjen-bonni som gifte hvorare	slektninger som var gift. Kristenretten
	forbød ekteskap ved nærmere slektskap enn 7. ledd
Grutte Gråskjegge	Djevelen
brass	følge
Brokk-svalinn	usikker betydning, sted høyt oppe
sankte Såle-Mikkjel	„St. sjele-Mikael“, St. Mikael, erkeengelen. Han veier sjelene



# DRAUMKVEDET

## 1. PROLOG

### Preludium

Vil du me lye, eg kvea kan  
um einkvan nytan drengjen,  
alt um han Olav Åsteson,  
som heve sovi so lengji.

Han la seg ne um joleaftan,  
sterkan svevnen fekk,  
vakna 'kji fyrr um trettan dagen,  
då folke at kjyrkja gjekk.

*Og det va Olav Åsteson,  
som heve sovi so lengji.*

### Menighetssalme (alle synger med)

*Felles:* Himmelske Fader, herleg utan  
like!  
Til alle stader når ditt store rike.  
Stjornor du styrer og alt liv som yrer,  
alt ned til mauren i mold.

*Menn:* Mannsbarnet ville du i nåde  
verna.  
Miskunn og milde tær du oss så  
gjerna,  
fører som Fader fram i lange rader  
borni du vann ved din son.

*Kvinner:* Sonen du sende som vår  
Frelsar trugen.  
Alle som vende heilt til honom  
hugen,  
deim han òg frelsar og som brøder  
helsar,  
leider deim fram til ditt fang.

*Felles:* Fader, du sæle, høgt i  
himmelstova.  
Med barnemæle me ditt namn vil  
lova.  
Takk, at du vilde med ein Faders  
milde  
taka oss til dine born.

### Skriftlesing: Johs. 1,1-4

### Salme

Ditt skaparljøs i stjernor bur,  
ditt æveliv i deim som trur.  
Vår Krist, som hev oss atterløyst,  
me kallar på deg: høyr vår røyst!

I trældoms band var livet lagt,  
i synd og sott og myrkemakt,  
då steig du frå ditt himmelrom  
til jordi ned med lækjedom.

Det stunda mot den siste kveld,  
då skein det upp ein stråleeld,  
frå møyaryfang til pinslekross,  
du himmelteiknet vart for oss.

Vår Gud, kor er di makt vel stor!  
Ved namnet ditt skjelv himmel, jord,  
for deg må bogna alle kne,  
dei kjenner teiknet: blod og tre.

Å heilag Gud, til deg me bed  
som døma skal kvar ætterled:  
hjelp oss i striden, store Far,  
mot myrkemakt og fiend hard.



Med lov og takk me prisar deg,  
vår store Gud, vårt ljøs på veg.  
Utalde folkeslag ein gong  
skal kveda deg sin hyllingssong.

### **Tekstlesing Johs. 1,5**

*Solo:* Presten stend'e fyr altare  
og les upp lestine lange  
Olav set seg i kyrkjesvali  
og tel'e draumane mange.

Gamle menner og unge  
gjev'e åt det gaum'e  
med han Olav Åsteson  
tel'e sine draumar.

*Og det va Olav Åsteson,  
som heve sovi so lengji.*

*Olav:* Eg hev vori meg upp med sky  
og nedatt med havet svarte.  
Den som vil mitt fotspor fylle,  
lær 'kje av bliom hjarte.

Eg hev vori meg upp med sky  
og nedatt med havsens grunne.  
den som vil mitt fotspor fylle,  
lær 'kje av bliom munne.

Eg hev vori meg upp med sky  
og neatt på svarte dikje.  
Eg hev sett åt heite Helvite  
og ein deil av Himmerikje.

Eg var meg i and-heimen  
i mange nættar og trå.  
Det veit Gud i Himmerik  
Hossi mang ei naud eg såg.

## **2. MARIA MØY, SKOMEGYGRI, KONG OLAV**

Fyrst eg va i ut-ekste  
eg fór yvir tynner-mo.  
Sund'e gjekk mi skarlakskåpe  
og neglann av kvår min fot.  
*For månen skin'e  
og vegjine falle so vie.*

Det fyrste eg for, då førde dei meg  
igjennom den tynner-ring.  
Neglann spratt av kvar mi tå  
og bloe av kvår min fing.

Eg hev fari yvir vigde vatne  
og yvir djupe dalar,  
Er både trøytt og færdamod  
og enda so må eg fara.

So gjekk eg meg på villan hei,  
eg fraus på mine føter,  
at steinen klaka og bloe tela,  
det tok i hjarterøter.

Så tok eg av på ein vettestig  
alt på mi høgge hand.  
Der såg eg til paradys,  
det lyser yvir vene land.  
Vent meg tottest i Rosenlund  
og i dei djupe dalar. Lykilen syng  
og løva spring,  
og fagraste gaukane gala.  
Uppetter med å  
der renn'e dei urtine brune og blå.  
Der såg eg meg til paradys  
og ingen mann eg kjende,  
berre ho goe Guds-mor mi  
med raude gullband kring hende.  
*Månen skin'e  
og hugen leiker så vide.*

## **Ave maris stella**

Heil deg havsens stjerna,  
Herrens moder milde,  
møy som Gud hev verna,  
himmelhamn du stille.

Med sitt «Heil deg, sæle»  
Gabriel deg helsa,  
underfullt hans mæle  
bar oss bod um frelsa.

Måtte Gud det gjeva,  
at me i hans gleda  
fær med Jesus leva  
og hans lovsong kveda.

Gud, du eine, sanne,  
lat oss deg få prise,  
Fader, Son og Ande  
upp i Paradiset.

*Olav:* Skomegygri sto utanfyre  
og raka med skoro i elden.

*Skomegygri:* Hott er dette for eit  
kogabån,  
som kjem'e so seint om kvelden?  
Det er ingjen dage.

*Olav:* Å høyr du det skomegygri,  
sant du segje meg:  
Hori hev du fengje det breie belte  
du ber ikringum deg?

*Skomegygri:* Det var'kje i fjor, men i  
fyrrer jolom.  
Det var i Sankt Olavs velde,  
eg ville livet av kongen taka  
so seint en joleftans kvelde.

Det skyna eg på lando deira,  
eg naut der ingen fred,

sprette eg belte av kongens rygg og  
smaug i jordi ne.  
Men høyre du no, du byrge svein,  
hokke vil du av dessom gjera: anten  
høgste mann i oskurei eller lågast i  
himmelen vera?

*Olav:* Å, set du no det kose for meg,  
hokke eg av dessom vil gjera,  
då heller den lågste i Himmerik um  
hesten meg orkar å bera!  
Gygri satt under Gjallarbrui, ville  
telja heidnelov.  
Burte vart ein, burte vart tvo, burte  
vart gygri i kaupe.  
Det er ingen dage.

## **Lux illuxit**

Ljoset rann med liv um lande;  
ljøset store, ljøset sanne,  
lovsong verdt og jubelkvad.

Lat oss i vår fagnad stor  
lova Gud med munn og ord,  
kvar ein kristen syngja glad!

Kristi store martyrdrott sigerkruna no  
hev fått, sit ved Herrens høgre hand.

Stutte gleda her på jord vraka han då  
upp han fór, ser si ævefrygd han fann.

Teiknet på æra hans lyser i  
martyrkrans, sæle med skodar der det  
som vår hug har kjær.

Syng høgt i jubelkor, kyrkje, vår  
moder stor. Upp i Guds sæle stad  
høyrer dei no ditt kvad.

Martyrdrott som liv hev funne,

sæla no for deg hev runne.  
Bed for folket du hev vunne  
som i heidendom låg bunde  
at me frie upp fær stå.

Bed at kjøt oss ikkje dårar,  
og at synd oss ikkje sårar!  
Frie ut or daudens fårar,  
medan bøni ber og bårar,  
fram for Herren skrid me då.  
Amen.

### 3. GJALLAR-BRUI

*Olav:* Kjem eg meg åt vatni dei,  
der isane brunne blå.  
Gud skaut det i hugen min  
eg vende meg derifrå.  
*Månen skin'e,*  
*og vegjine falle so vie.*

Blaute so er dei Gagle-myrrann  
for den som der skal gange.  
Høgre so ligg den Gjallar-brui,  
ho tykkest under skyi hange.

Sume fór yvir Grimar-åsen  
og sume yvir Skåle-strand.  
Men dei som fór yvir Gjallar-hylen,  
dei kom så våte fram.

Kjem eg meg at Gjallar-brui,  
ho heng so hågt i vinde.  
Ho er all med gulle slegji  
og saum i kvorjom tinde.  
*Månen...*

Gjallar-brui, Gjallar-brui ho er  
både bratt og brei. Ormen høg, og  
bikkja bit'e og stuten stend midt på  
lei.

Gjallar-brui, Gjallar-brui ho er  
både bratt og brei.

Tri er tingi på Gjallar-brui, og alle  
er grame og vrei. Ormen høg, og  
bikkja bit'e og stuten stend midt på  
leii.

Gjallar-brui, Gjallar-brui der var  
den gnyren mange. Ormen høg, og  
bikkja bit'e og store stuten stangar.

**Skriftlesing: Mt. 3,7-.10 / 5,29-30 /  
6,1-12----6,19-24 / 7,13-14.**

Sæl er den i føesheimen fatige låner  
hus.

Han tarv kje ræddast i and-heimen for  
høyre på ulvetut.

*Tunga talar,*  
*og sanning svarar fyr domen.*

Sæl er den i føesheimen fatige gjeve  
klæ-e.

Han tarv kje ræddast i and-heimen for  
håge kjellar-bre'e.

Sæl er den i føesheimen fatige gjev'e  
brau.

Han tarv kje ræddast i and-heimen for  
horske hundegau.

Sæl er den i føesheimen fatige gjev'e  
sko:

Han tarv kje berrføtt gange på kvasse  
heklemo.

Sæl er den i føesheimen fatige gjeve  
konn.

Han tarv kje ræddast i and-heimen for  
kvasse stute-honn.

Sæl er den i føesheimen fatige gjeve  
ku.

Han tarv kje sumlug gange på håge  
Gjallar-bru.

Sæl er den i føesheimen fatige freden  
kan gjeva.

Han tarv kje ræddast i and-heimen  
den høgste i Himmerik vera.

*Tunga talar,  
og sanning svarar fyr domen.*

*Olav: Hunden gøydde, og hanen gol,  
og stuten sto og stanga.*

*Stemmer: Det slepp ingen yvir  
Gjallarbrui den domane gjerest  
vrangle.*

Me slepp ikkje yvir den Gjallar-brui  
for draugange er so mange.

Å, anten vil eg yvir Gjallar-brui eller  
dau etter salen henge. Gjallar-brui,  
Gjallar-brui, ho er både bratt og lei.

Eg hev fari Gjallarar-brui og der var  
krokane på. Men eg totte tyngre dei  
Gagle-myrann. Gud betre den dei skal  
gå.

Eg hev vassa Våse-myrann, der hev  
inkje stai meg grunn. No hev eg fari  
Gjallar-brui med rapa mold i munn.  
Min frende og min ven!

*Månen skin'e,  
og vegjine falle so vie.*

#### **4. HELVETE**

Han var seg i andheimen  
i mange nættar og trå.  
Det veit Gud i Himmerik  
hossi mang ei naud han såg.

*For månen skin'e,  
og vegjine falle so vie.*

*Olav: Eg var meg i and-heimen*

*i mange nættar og trå.  
Det veit Gud i Himmerik  
hossi mang ei naud eg såg.  
Det er tungt å trøe dansen under  
moldo.*

*Stemmer: Her er varmt. - Og her er  
kaldt. -*

*Og inne so mune det brenne. -  
Eg høyrer vatn, og inkje fær,  
under jordi so mune det renne. -  
Det er tungt å trøe dansen under  
moldo.*

*Olav: Eg såg einom drengen,  
det fyrste eg vart ved.  
Han bar eit bån på armen sin  
og vassa i jord til kness.*

*Stemmer: Eg hadde meg eingong et  
lite bån, eg  
ville kje med det kanne.  
Difor lyt eg i denne heimen  
lie den store vande.*

*Olav: Kjem eg meg åt mannen den,  
kåpa den var blo,  
Gud nåde dei synduge såline  
her kunne for runine rå.*

*Stemmer: Sutine og sorgjine  
det blandast alt til saman.  
Auga lær og hjarta græt'e.  
Det er så lite gaman.*

*Olav: Kjem eg meg åt mannen den,  
kåpa, den var bly.  
Hans arme sål i denne heimen  
var trong i dyre ti.*

*Stemmer: Sæl er den i føes-heimen  
konnmålet den kan auke.  
Han tarv kje ræddast i and-heimen*

for store hunde-gaule.

*Olav:* Kjem eg meg åt monnom dei,  
dei bar på gloande jord.  
Gud nåde dei fatige såline,  
dei flutte deilder i skog.

*Stemmer:* So er det i denne heimen  
du snakar jord av andre.  
So må du i andre heimen  
lie so stor ein vande.

*Olav:* Kjem eg meg åt bonnom dei,  
dei sto so høgt oppå glo.  
Gud nåde dei synduge såline,  
hadde banna burt far og mor.

Kjem eg meg åt padda og ormen,  
dei hogde kvorare med tanne.  
Det var dei synduge sytskjeni  
som hadde kvorare banna.

*Stemmer:* Ingjen fuglen flyg'e so høgt  
som ørni med sine ugar.  
Og ingen ormen sting so sårt  
som beiske manne-tunga.

*Olav:* So møtte eg dei ormane tvo,  
dei bite kvorare i sporde.  
Det var dei synduge systkjen-  
bonni  
som gifte kvorare på jordi.

*Stemmer:* Her er varmt...

## 5. DOMEN

Vreidedagen verdi tyner  
og i oskeveret lyner  
Davids og Sibyllas syner.

Redslerop mot himlen ljomar,  
der han kjem den høge domar,

tungt som klokkemalm det omar.

Domsbasun med tunge tonar  
stemmer heimsens millionar  
fram for han som høgast tronar.

Daude, liv i redsle grundar:  
Fram or mold og havsens brunnar  
daudingar til domen stundar.

All den synd på jord eg gjorde  
skrivi er i boka store,  
som dei ber til domarbordet.

Røyna fær eg då med tåre:  
alt lyt fram i dagen klåre,  
løynast kann kje synden våre.

Jesus, Frelsar, eg vil gøyma  
meg hjå deg, du vil kje gløyma  
du for meg ditt blod lét strøyma.

Trøytt for meg du sat ved brunnen,  
striden var kje enno vunnen,  
sigerdagen ikkje runnen.

Sjå, eg skjelv for synden' mine,  
raudmar framfor augo dine,  
fri meg, Gud, frå helheims pine!

Ring er bøni eg kan beda:  
Du er god, leid meg til gleda,  
lat kje meg i glodhaug treda.

Lat meg millom lammi skrida  
til eit rom ved høggre sida,  
ikkje millom bukkar' lida.

Lat kje meg i synd og fæle  
skjelva for dit dommarmæle!  
Kalla meg med dine sæle.

Å, du dag, då tårer fløymer,

fram or eld og okse strøymer  
dei som er for domen saka.  
Vil du syndi frå deim taka.

Milde Jesus, Herren min,  
gjev deim alle freden din. Amen.  
*I Brokksvalin, der skal domen stande.*

*Olav:* Der kom ferdi nordantil,  
og den rei no so kvast.  
Fyre reid Grutte Gråskjegge  
alt med sin store brass.  
*I Brokksvalin...*

### **Skriftlesing: Åpb. 6,8**

Der kom ferdi sunnantil,  
tottest meg vera best.  
Fyre reid sankte Såle-Mikkjel,  
han reid på kvitan hest.  
*I Brokksvalin...*

Der kom ferdi sunnantil,  
og den reid no so tvist.  
Fyrie reid sankte Såle-Mikkjel  
næste Jesum Krist.  
*I Brokksvalin...*

### **Skriftlesing: Åpb. 19,11-16**

Der kom ferdi sunnantil,  
ho tottest meg vera trå.  
Fyre reid sankte Såle-Mikkjel,  
og luren under armen låg.

Det var sankte Såle-Mikkjel,  
han bles i luren lange.

*Stemme:* Å no skal alle såline  
fram for domen gange.  
*I Brokksvalin...*

*Olav:* Men då skolv dei synde-såline

som ospelauv i vinde.  
Og kvor den, kvor den sål der var,  
ho gret for syndine sine.

Høyr, milde skapar bøni vår,  
for deg me stend i anger sår;  
og beiske tåror på din fot er vitne um  
at me gjer bot.

I all vår veikskap me oss ter for deg  
som sjeledjupet ser,  
men ropar på vår syndarveg:  
Hjelp Herre, og miskunna deg!

So syndleg me mot deg fór fram.  
Å! kann du strjuka ut vår skam  
so sjeli atter syndefri fær skina klårt  
til æra di!

*Olav:* De var sankte Såle-Mikkjel,  
han vog i skålevekt.  
So vog han alle synde-såline  
*burt til Jesum Krist.*

### **Menighetssalme (alle synger med)**

Eg veit i himmerik ei borg,  
ho skin som soli klåre,  
der er kje synder eller sorg,  
der er kje gråt og tåre.

Der inne bur Guds eigen Son  
i herlegdom og æra,  
han er mi trøyst og trygge von,  
hjá honom eg skal vera.

Eg fattig hit til verdi kom  
og rann av ringe røter,  
fer herifrå med handi tom,  
og daudens vald meg møter.

Men visst eg veit ein morgon renn  
då daudens natt skal enda.  
Min lekam upp or gravi stend  
og evig fryd fær kjenna.

God er Herren:  
Han har sin rett  
og nåde sett  
med sanning ifrå ætt til ætt.

So hjelp oss du, vår Herre Krist,  
ditt blod for oss hev runne.  
Din beiske daude sant og visst  
oss Himmelrik hev vunne.

### **Salme**

No læt ei røst med sigerklang som  
endar syndenatti lang; ho kallar oss or  
dus og draum, for Kristus kjem i  
stråleflaum.

So lat oss kasta óket av, som sjeli sår  
og sjukdom gav, ei stjerne blenkjer  
yver sky, ho gjev oss kraft og  
kveikjing ny.

Or høgdi kjem Guds offerlam og vil  
oss fria utor skam, han slettar ut vår  
syndeskuld, pris han i tårer  
frygdefull!

Han kjem i ljøs på himmelkvelv,  
med' verdi under trengslor skjelv; han  
spreider miskunn, ikkje dom, og  
reider oss i himlen rom.

**Skriftlesing: Åpb. 21,1-7**

**Menighetssalme (alle synger med)**

Lovsong skal all heimen kveda  
og tena Herren høg med gleda,  
framfor hans åsyn fagnad stor.  
Han er Gud, han ut oss valde  
og millom sine eigne talde.  
Me lever ved hans veldes ord.  
Tak nåden hans i famn,  
lov, pris, velsign hans namn.